– Gjer tyngste arbeidet først

Arbeidet med utbetring av Botnavegen er i full gang.

– Entreprenøren gjer tyngste arbeidet først. Dei har starta med fortauet, der alt av tekniske anlegg skal liggje, fortel prosjektleiar Pål Are Vadstein i Volda kommune. Det er strekninga mellom Rotevasselva og Storelva som vert tatt først.

** Prosjektleiar Pål Are Vadstein i Volda kommune er nøgd med arbeidet som er gjort på Botnavegen så langt.*

Breiare veg

– Når fortauet er ferdig, vil entreprenøren ta til med masseutskifting på sjølve køyrebana. Då skal dei fjerne gamal og dårleg masse, og køyre til ny. Som følgje av arbeidet vert vegen betydeleg breiare. Kvart køyrefelt vert på 2,5 meter, og i tillegg er det teikna inn ein halvmeters vegskulder på kvar side. Fortauet er tre meter breitt, inkludert vegskulder, fortel Vadstein. Fortauet vert skilt frå vegbana med glidestøypt betongkantstein. Sjølve fortauet vert liggjande 15 cm høgare enn vegbana, men kantsteinen vert seinka ved alle avkøyrsler til bustadhus. Etter kvart som arbeidet skrid fram vil det bli montert nye gatelys på oppsida av fortauet.

– Gatelysa vert åtte meter høge, og skal dekkje lysbehovet både på vegen og fortauet, fortel Vadstein. Totalt skal det settast opp over 30 lyktestolpar frå Vikebygdvegen og ned til Storelva.

Fjernar luftspenn

I samband med arbeidet er alle luftspenn i området tekne ned. Dei vert ikkje sett opp att. Heretter skal slikt liggje i bakken. Denne veka har det elles blitt arbeidd med fundamenta til den nye gangbrua over Storelva i Vassbotnen. Betongelementa som utgjer sjølve brua er venta å kome i nær framtid. Når desse er på plass skal det støypast toppdekke, før brua er klar til bruk. Gangbrua er plassert inntil eksisterande køyrebru over elva. Vidare skal det byggjast ei heilt ny køyrebru over Rotevasselva på Rotevatn, men når dette arbeidet tek til er ikkje tek til så må vegen stengjast. Då vert det omkøyring gjennom Rotsetstranda.

** Fundamentet til den nye gangbrua over Storelva er på plass. Betongelementa som skal utgjere sjølve brua er venta å kome i løpet av kort tid. Deretter skal det støypast toppdekke.*

** – Desse kummane ligg i vegbana, heilt inntil kantsteinen som skil vegbana og fortauet. Både vegen og fortauet hallar mot kantsteinen, for å leie vatnet direkte til kummane, fortel Pål Are Vadstein.*

Ikkje asfalt i år

På Rotevatn er vegen no lagt litt om ved krysset inn til Markavegen. Vegbana er både seinka og retta ut, dette for å gi brukarane av vegen betre oversikt. Framleis står det att ein del arbeid med fortauet, men straks dette er køyrbart vil Aurstad AS ta til med masseutskifting av vegbana. Då skal all trafikk til og frå Vassbotnen gå føre seg på fortauet. Dette vil truleg skje før jul. Men det vert ikkje lagt asfalt i området på denne sida av nyttår. Vadstein seier oppsitjarane langs Botnavegen jamt over gir inntrykk av å vere nøgde med utbetringane som no vert gjort, men han vedgår at ikkje alle brukarane av vegen er like glade for at både køyrebane og fortau vert asfaltert.

– Eg har vorte kontakta av folk som gjerne skulle sett at fortauet var grusa. Eg skjønar deira syn, men det er vanskeleg å få til i praksis, seier han. Ei slik løysing ville også gitt kommunen meir utgifter til vedlikehald.

Mindre utbetringar på inste delen

Utbetringane på Botnavegen er delt i fleire delar. Den inste strekninga – frå Storelva til Botnasanden – vil truleg få ei svært forenkla utbetring i høve resten av vegen.

– Slik det ser ut no så har vi berre råd til å gjere mindre utbetringar på dagens veg der, som å rette opp vegen og asfaltere. Vegen vert litt breiare enn i dag, men der vert ikkje fortau, forklarer Vadstein. Strekninga frå Rotevasselva til Vikebygdvegen vil derimot få full utbetring med fortau og gatelys.

– Vi kunne gjerne tenkt oss å leggje til rette for trygg kryssing av Vikebygdvegen ved busslomma også, men korleis dette kan skje er førebels uavklart. Statens vegvesen vil ikkje måle opp fotgjengarfelt i området, men vi vurderer om vi kan lyssette kryssingspunktet betre, fortel prosjektleiaren.

Pause for Ridebanevegen

Når det gjeld vegen til ridebana på Rotevatn, så kan Vadstein fortelje at arbeidet der har stoppa litt opp ei periode.

– Vi var godt i gang med vegen heilt til vi oppdaga mistanke om forureining i grunnen. Det vart tatt prøver i området, og der vart funne miljøgifter som oversteig tillaten grenseverdi, fortel Vadstein, og viser til at det såleis må setjast i verk spesielle tiltak her for å hindre at ureina masser kjem på avvege.

– Løysinga ligg klar, men akkurat no er maskinene opptekne med anna arbeid på Botnavegen, fortel han. Heile anlegget skal vere ferdigstilt i månadsskiftet mai/juni 2018.

– Vi har fått varsel om at det kan bli litt forseinka, men det er mogleg at entreprenøren greier å hente inn att forseinkingane i løpet av vinteren, seier prosjektleiaren. Han synest elles Aurstad AS har vore flinke og gjort mykje for at det skal vere framkomeleg og triveleg i området i anleggsperioden.

Etterlengta utbetringar

– Botnavegen blir eit svært veganlegg når den står ferdig. Det blir ein av dei flottaste vegane i kommunen, seier Vadstein, som er glad for at ein endeleg klarte å realisere dette omfattande prosjektet.

– Utbetringane har vore etterlengta av dei mange brukarane av vegen, slår prosjektleiaren fast, og legg til at det faktisk er fleire som brukar vegen enn det kommunen trudde.

– Vi visste her var stor trafikk av både folk og firbeinte, men trafikken er større enn det vi hadde sett føre oss, slår han fast. Førebels er det litt tidleg å snakke om økonomien i prosjektet, men Vadstein håper ein vil halde seg innanfor budsjettrammene.

– Ekstratiltaka på Ridebanevegen vil til dømes få konsekvensar for budsjettet. Men vi veit av erfaring at det alltid dukkar opp ting når ein byrjar å grave, så vi håper «uføresett-posten» i budsjettet dekkjer dette, seier han.

✍ LIV JORUNN NYHAGEN

– Bruk refleks

Sjølv om mesteparten av Botnavegen i dag er eit einaste stort anleggsområde, er det framleis mykje trafikk der – både av tobeinte og firbeinte, i tillegg til bilistar. Dette gjev utfordrande arbeidstilhøve, særleg på vinteren når det vert tidleg mørkt.

– Dei fleste som ferdast langs vegen er flinke til å spele på lag med anleggsarbeidarane, men joggarane som spring mot klokka har tilsynelatande lite tid til å stoppe opp og sjå seg føre, seier prosjektleiar Pål Are Vadstein. Han understrekar at det er utruleg viktig å bli sett av maskinførarane, og oppmodar alle som ferdast på strekninga i mørket om å nytte refleks.

– Og joggarane kan godt gi seg litt meir tid. Det vert tidsnok høve til å sette rekordar når vegen er ferdig utbetra og asfaltert, slår han fast.